# KYRKJEBLADET

## FOR LEVELD, TORPO OG ÅL

FRÅ BARNEKOR TIL KYRKJELYDSPEDAGOG / HAUSTTUR TIL RUKKEDALEN
MISJONSPROSJEKTHELG I ÅL / DIGITALT KYRKJEVAL I 2027 / ME TRENG FRIVILLIGE

NR. 3 | 2026 | 67. ÅRGANG



Kyrkjene i Ål arrangerte aktivitetsdagane «BUK» 22.-23. juni. Meir enn 40 born tok del i aktiviteter, leik og song i kyrkja, kyrkjestugu, ved stavkyrkjemuseet, frisbeegolf, smiing og på museet. På biletet er borna samla under Ål-taket for å høyre på undervisninga til BUK-leiar Inga Stoveland Dekko og kapellan Aslak Elias Simonsen.



**PS!** Går du i 1.-4. klasse?
Då er du invitert til å delta på
Tårnagent i kyrkja i februar.
Sjå meir info inne i kyrkjebladet.

*Den som gjer seg sjølv liten som dette barnet, han er den største i himmelriket.*
*Og den som tek imot eit slikt lite barn i mitt namn, tek imot meg.*

MATTEUS 28,4-5

# Den største gåva

ANDAKT



Av Biskop
Jan Otto Myrseth

Mange av oss har, medvite eller umedvite, som ideal å vere sterke, friske og sjølvhjulpne. Det er eit forståeleg ynskje, men kan lett sperre for utsikta til det sentrale i jula sin bodskap. Gud har nemleg gjort det hjelpelause barnet til eit nøkkelhol til æva.

Eit av dei mest sentrale versa som lyder i kyrkja i jula er vers 12 i det fyrste kapitlet i Johannesevangeliet: Alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.

Ei større gåve kan ikkje eit menneske få enn å bli eit Guds barn. Eg får bli eit Guds barn ved å ta imot Barnet. Korleis? På same måten som eg opnar hendene mine og tek imot ei gåve – og seier takk. Takksemda er nøkkelen som passar i dette nøkkelholet til æva.

**Alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.**

Av den svenske biskopen Martin Lönnebo har eg lært at takksemda gir oss dei suverent beste augedropane, som hjelper oss til å sjå klart og gir oss tilbake glansen i blikket.

Eg har fått godt høve til å ta desse augedropane denne hausten, sidan eg hamna på sidelinja med ei kreftdiagnose i sommar. Midt i sjukdomsalvoret har eg fått rikeleg med tid og høve til å sjå tilbake på dei åtte åra eg har fått vere biskop i Tunsberg. Og igjen og igjen vert eg fylt av takksemd.

Ei stor takk til alle eg har fått møte i ulike samanhengar i desse åra. Desse møta har styrka meg i trua på kor viktig kyrkja er i både enkeltmenneskes og lokalsamfunnets liv. Gjennom kyrkja vert vi vovne saman i eit fellesskap som vitnar om kor stor Gud er og kor uendeleg hans kjærleik er til den verda han har skapt.

I ein tekst av Eyvind Skeie heiter det at då Gud vevde i ei kvinnes liv eit bilete av seg sjølv, då vevde han samstundes sitt liv saman med vårt.

Uansett kva som møter oss her i livet kan ingen ting skilje oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus. Ikkje noko mørke kan overvinne han som er Verdas Lys. Ingen dødskrefter kan frårøve oss det evige livs gåve.

Sidan eg går av med pensjon i løpet av hausten, er dette mi siste helsing til menigheitene og lokalsamfunna i Tunsberg. Det har vore eit privilegium å vere biskop, og eg takkar både Gud og kvar einskilt av dykk for tenesta eg har fått stå i.

Gud velsigne dykk alle!



*Anne Lise Haug (27) har vokst opp i Leveld og har no vendt tilbake til Ål til et vikariat som kyrkjelydspedagog hausten 2026.*

***– Fortell litt om din bakgrunn.***
– Eg har nettopp fullført 3 år i Bergen, der eg har studert digital markedsføring og salgsledelse.
***– Spanande, men altså ikkje innen pedagogikk. Kva fekk deg då til å søkje denne stillinga?***
– Guds plan er min plan! Jeg


**KYRKJEBLAD FOR LEVELD, TORPO OG ÅL SOKN**

**REDAKSJON**
Elin Etterlid Tveito
Inger Elise Kaslegard
Kristoffer Krohn Sævre

**BANKGIRO** 2320.20.70272
**VIPPS** 627063

**PRODUKSJON** kreator.no


## STABEN VED ÅL KYRKJEKONTOR

**Opningstid kontor** tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | **Tlf. kontor 907 13 766** | post.aal@kyrkja.no | www.aal.kyrkja.no |

**KYRKJEVERJE**
Kristoffer Krohn Sævre
Ks259@kyrkja.no • tlf 484 41 575

**PROST**
Camilla Osnes
co689@kyrkja.no • 977 15 677

**SOKNEPREST**
Marianne Bergsjø Gammelsæter
MG822@kyrkja.no • 958 06 920

**KAPELLAN**
Aslak Elias Simonsen
AS895@kirken.no

**SEKRETÆR**
Elin Etterlid Tveito
et429@kyrkja.no

Guro Stave
gs595@kyrkja.no

**KYRKJETENAR**
Håkon Tveito
ht337@kyrkja.no

Tom Vidar Myrestølen
tvmyres@hotmail.com

Morten Storhaug
mortenstorhaug@gmail.com

**ORGANIST/MUSIKAR**
Vemund Olav Aukrust
va358@kyrkja.no

Ingunn Stræte
ingunn.straete@gmail.com

Håkon Tveito
ht337@kyrkja.no

**DIAKON**
Børge Bekkestad
BB369@kyrkja.no

**KYRKJELYDSPEDAGOG**
Gina Ingeborg Hagen
gh665@kyrkja.no

**REINHALDAR**
Kamila Socha
kamilkaa79@gmail.com

**SOKNERÅDSLEIAR**
Frøydis Stoveland Dekko
froydisstoveland.dekko@bufetat.no

**FELLESRÅDSLEIAR**
Anne Kjersti Frøyen
akfroyen@gmail.com



# Frå barnekor til kyrkjelydspedagog

I september delte Anne Lise ut «Mi kyrkjebok» til born i Ål kyrkje saman med kapellan Aslak Elias Simonsen.

visste ikkje heilt korleis denne hausten skulle sjå ut, men då mamma tipsa meg om denne stillinga, syntes eg den høyrdes veldig spanande ut. Dessuten ynsker eg å ta nokre fleire fag, så 60% stilling passa veldig bra. Og eg liker å jobbe med born. Eg har tidligare vore turntrener for born, og i 2019 var eg volontør for Misjonsalliansen i Kambodsja, der eg jobba med barneklubbar i slummen.



Anne Lise har sidan oppstarten blitt kasta ut i oppgåvene. Fyrste sundagen delte ho ut «Mi kyrkjebok» til 26 fireåringar og seksåringar, ho har kome i gong med babysong, bidratt på konfirmantoppstart, arrangert aktivitetsdagen BUK i haustferien, pilegrimstur med konfirmantane, og ho planlegg Lys vaken i november. Og alt skal planleggast og markedsførast.

– Jeg har ikkje jobba i kyrkja tidlegare, men har mange gode minne frå barndommen. Som liten i barnekor og ung i Synzygus. Denne jobben har dessutan ein fin balanse mellom planlegging og gjennomføring, noko som passar meg veldig bra.

– ***Og hvordan kjennes det så langt? Og hva ser du for deg framover?***

– Dette er jo noko heilt nytt for meg, så eg har mykje å lære! Det har vore veldig spanande å få prøve seg på nye oppgåver. No har eg nettopp gjennomført «Haust-BUK» som gjekk veldig bra. Og eg har babysong annankvar onsdag. Det hadde vore morsosamt å få til fleire aktivitetar! Det er jo mange ulike målgrupper me kan nå, for eksempel eit tilbod til born etter skuletid. Eg håpar å kunne bidra med å skape hyggelege møteplassar der alle føler seg sett, elska og verdsatt, og få bli kjend med Jesus.

Me ynskjer Anne Lise hjarteleg velkomen i staben!

**Inger Elise Kaslegard**

## Nye opplevelsar med Hausttur til Nes

Levor Vestheim og Toril Stave tok imot 25 seniorar på triveleg tur til Rukkedalen i september. Turfølgjet hadde blenka ut miniatyrhusa til Levor, som laurdagen før vart omtala i Hallingdølen. Nesten 20 ulike hus med to flotte stavkyrkjekopiar som krona på verket. Det heile ramma inn av tyttebær og blåbær og miniatyrskigard. Omvisninga tok oss med til bakstehuset med vedfyrt bakerovn og 4 flatbrød-takker klare på benken. Trekkspelaren viste fram spelerommet fylt med nye og gamle instrument. I verkstaden vart det tid til å sjå «bruktbutikken» og få helse på «småfolket» som var stilte opp med tilhøyrande gode historier frå «miniatyrbygda». På spørsmål om kor Levor tar all energien til å skapa så mykje, var svaret: «Det er jo berre morro, alt saman. Og så ser eg ikkje på fjernsyn...»

Det vart ein solfylt dag der folk koste seg med Alf Prøysen-songar meisterleg framført av Levor og Toril og varmlunsj servert av det gjestfrie vertskapet på Nystølkroken kafe.

Takk til alle som var med gjorde den til ein minnerik dag.
Det er planlagt to turar i 2027, ein vårtur og ein hausttur.

*Børge Bekkestad*
*diakon*



# Misjonsprosjekthelg i Ål



Therese Glendrange frå Normisjon fortalte om misjonsprosjektet «Trygg barndom» då ho besøkte Ål den fyrste vinterhelga i haust.



*I oktober hadde kyrkjene besøk av Therese Glendrange frå Normisjon som fortalte om «Trygg barndom»-prosjektet i Senegal.*

Misjonsrådet og soknerådet i Ål har valt nytt misjonsprosjekt for årene 2026-2028. Normisjon sitt prosjekt «Trygg barndom» støtter eit lokalt barnehjem og foreldreveiledning i eit område prega av vald, omsorgssvikt og barnearbeid.

– Senegal er eit land med eit stort spekter. Vest i landet er det god utvikling og velstand, men jo lenger aust ein kjem, jo større utfordringar ser me – særleg blant born og unge, fortalte Therese Glendrange frå Normisjon. Ho har vore utsending for Normisjon i meir enn 20 år og delte frå arbeidet og prosjektet då ho vitja Ål 9.-11. oktober.

Glendrange arbeider no i Normisjon si internasjonale avdeling med ansvar for Mali og Senegal. Ho hadde undervisning og vitnesbyrd på Evjens Minne, på Vats bedehus og i Torpo kyrkje i misjonsprosjekthelga arrangert av misjonsrådet. Therese viste seg som ein engasjert formidlar med fyrstehands kjennskap til regionen i vestre Afrika.

– Fattigdom rammar barna hardast. Ei nasjonal undersøking frå 2024 viser at 98% av borna i regionen manglar minst ein livsnødvendig teneste som helse, vatn, sanitær eller beskyttelse, og øst-Senegal blir rekna som eit høgrisikoområde for vald, omsorgssvikt og barnearbeid, fortalte Glendrange.

Foreldreveiledningsprogrammet ICDP har vore ein augneopnar for mange foreldre i eit samfunn der det tradisjonelt er få arenaer for å reflektere over ulike oppdragelsesmetoder. I 2025 har Normisjon gjennomført sju foreldregrupper med til saman 80 deltakarar.

Misjonsrådet i Ål har valt prosjektet slik at kyrkjene i Ål kan bidra til trygghet, omsorg og håp for born i Senegal.

– Me samarbeider med blant anna Mama Marie som er ein ildsjel med eit stort hjarte for borna, formidla

## Kantoriet går offentleg:
## SALMEKVELDAR

Dei komande kantoriøvingane blir omprofilerte til salmekveldar opne for kven som helst. Vi syng gjennom salmar laust eller fast knytte til bestemte gudstenester og tema, og somme av kveldane vil ha innspel frå spesielt inviterte gjestar. Tidspunkta er onsdagane i oddetalsveker, rammetid kl. 18-20 med innlagd tepause.

Datoane blir fylgjande:
4. november
18. november (tema folketonar med Solfrid Nestegard Gjeldokk)
2. desember og 16. desember.

Vel møtt til trivelege allsongkveldar i Kyrkjestugu eller i kyrkja (fylg plakaten)!

**Vemund Olav Aukrust**

# Kva gjer ein diakon?

*Eg vart vigsla til diakon i august. Det ikkje mange gonger eg har vore «nytilsett» i eit langt arbeidsliv. Det vanlegaste spørsmålet eg får no om dagen er «kva gjer ein diakon»?*

Svaret er noko ulikt ut ifrå kven ein spør og kor i landet ein bur. Sjølv er eg i gong med å definere det i lag med diakoniutvalet og kyrkjeverja. Her er nokre punktvise svar frå «den nytilsette diakonen» i Ål:

- Organisere frivillig arbeid, for alle aldersgrupper, saman med folk som ynskjer å skape noko fint i den lokale kyrkja.
- Samtaler med menn. Eit lågterskeltilbod.
- Parsamtaler og familiearbeid. Blant anna ulike kurskveldar.
- Sorgarbeid og evt sorggrupper.
- Innvandrarfokus
- Retreat og kveldsgudstenester, songkveldar i samarbeid ulike musikkkrefter.
- Leie diakoniarbeidet og halde andakter på ulike samlingar
- Alphakurs (bibelkveldar)

Og ymist anna. Det meste gjer eg saman med dei flotte kollegaene og alle frivillige i kyrkja vår, og noko på tvers av sektorar både i kommune og menigheiter. Så då er jo svaret at ein diakon «spelar på lag med alle»




Therese mens ho viste bilete. – Saman kan me gjere ein konkret forskjell og gje fleire born ein betre framtid.

Redaksjonen

## Ynskjer du å støtte dette viktige arbeidet?

Du kan gje di gåve enten med takkoffer i kyrkjene, eller ved å bli fast gjevar til kontonummer 2320.15.52893.

Ta kontakt med Ål kyrkje på post.aal@kyrkja.no viss du blir fast gjevar og ynskjer å få frådrag på skatten.



som vil at kyrkja skal vise omsorg og skape gode fellesskap.

Korleis tek du kontakt? Send mail til Børge Bekkestad, bb369@kyrkja.no eller ring tlf: 93420247



# Digitalt kyrkjeval i 2027

*I august 2027 blir det nytt kyrkjeval, og Kirkemøtet har vedtatt at det skal gjennomførast digitalt. Alle medlemmar i Den norske kyrkja (DnK) som er 15 år eller eldre har stemmerett. I kyrkjevalet veljer medlemmane representantar til sokneråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet (nasjonalt). Det er kyrkjeval kvart 4. år.*

Det blir gjennomført ein valperiode på 5 veker mellom 10. august og 13. september 2027.

### Vil du stille til val?

Soknerådet vil utnemne ei valnemnd som får jobben med å skaffe namn til vallistene. Er du engasjerte i kyrkja og villig til å stå på listene?
Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap. Ulike meiningar gjer fellesskapet rikare, og kanskje nettopp du skal stille deg til disposisjon? I kyrkjevalet i Den norske kyrkja i Ål kan du stille til val i soknerådet. I Den norske kyrkja er det rom for deg og ditt engasjement. Listeforslag skal vere klart seinast 30. april.

### – Alle kan bidra

Å sitje i soknerådet kan vere både ei glede og lærerikt, synes noverande soknerådsleiar Frøydis Stoveland Dekko.
– Det er ikkje reint lite ein får vere med på gjennom ein periode i soknerådet og fellesråd! Her har vi jobba saman, både frivillige og stab, under visjonen Meir himmel på jord. Det er litt av eit oppdrag! Soknerådet jobbar for å bidra til ein open og inkluderande kyrkje, der alle kan kjenne seg heime, både i gudstenesta, i ulike arrangement og i andre gode møte mellom menneske.
– Her vil me famne heile livet - slik livet er. Her kan alle bidra med noko, lite og stort, seier Frøydis.

Vidare synes ho det er viktig med gode planar, struktur og organisering av arbeidet, og ikkje minst at dei som jobbar i kyrkja har ein god arbeidskvardag.
– No har me ein fantastisk stab! Me står i ein lang tradisjon, det har vore mange før oss, og andre skal overta. Eg har sett på dette som "min etappe" i eit langsiktig og viktig arbeid. Me treng kyrkja, vi menneske treng dette rommet i møte med alle livets hendingar. Men kyrkja er også meir - der den strekkjer seg langt utover kyrkjerom og bygg i det arbeidet tilsette og frivillige i kyrkja gjer.
*– Kan du anbefale å sitje i soknerådet?*
– Absolutt. Det har vore både lærerikt, gjett inspirasjon og glede å vere med! Og me vil sette stor pris på om du vil bli med i neste "etappe".

### Meir info kjem

I neste kyrkjeblad vil det kome informasjon om korleis det digitale kyrkjevalet vil skje. Digitalt val betyr at alle medlemmar kan stemme der man sjølv er – utan fysisk oppmøte. Samtidig har kirkemøtet understrekt at dei som ikkje har digital tilgang eller synes dette er vanskeleg, skal få bistand for å stemme. Målet er at så mange som mogeleg skal delta i valet, og at valgjennomføringa skal spare ressursar som heller kan brukast på kyrkjelege verksemd.

AKTIVITETAR

**FORMIDDAGSTREFF KYRKJESTUGU ÅL**
4. november
2. desember: JUBILEUMSFEST
6. januar
3. februar
3. mars

**FORMIDDAGSTREFF NORDBYGDENE**
28. oktober: HAUSTFEST
25. november
27. januar
31. mars

**HAR DU FYLT ELLER FYLLER DU 80, 85, 90, 95, 100 eller 105 i år 2026?**
Då er du hjarteleg velkommen til feiring i kyrkjestugu 2.desember kl. 11-13. Det blir servering, andakt og underhaldning. Påmelding på e-post post.aal@kyrkja.no, eller tlf. 90713766. Dette er formiddagstreff som er opent for alle, men der jubilantar blir inviterte og gjort litt ekstra stas på.

**SUPERTORSDAG**
Middag for alle i kyrkjestugu.
Kvar torsdag kl. 15.30 – 17.00.

**BABYSONG**
28.10 - 11.11 - 25.11 -09.12

**TÅRNAGENT FOR 1.-4. KLASSE**
Bli med på å utforske og oppleve kyrkjebygg, klokketårn og symbolar 7. februar. Vi avsluttar med fastelavns gudstjeneste, og selvsagt fastelavnsboller og saft. Påmelding via heimeside.

**VÅRTUR FOR ALLE**
2. juni arrangerer vi vårtur slik vi gjer på hausten. Hald av datoen så kommer det meir info.

**ANDAKT PÅ SJUKEHEIMEN**
Det haldas andakt på avdeling Stugu inne på sjukeheimen 2 .onsdag i månaden kl. 11.00.

**JULESTENGT KONTOR**
23., 24. og 31. desember er kyrkjekontoret stengd.

**JULEAVSLUTNING SUPERTORSDAG**
Vi gjentar juleavslutning for Supertorsdag som i fjor, med loddtrekning og koldtbord. Velkommen til ein hyggelig ettermiddag 17. desember.
Syng Jula inn i Ål kyrkje kl 17.30

KYRKJEVERJAS HJØRNE

## Nymåla kyrkjer

Har du lagt merke til at Leveld kyrkje og Ål kyrkje vart måla i sommar?





Det var på høg tid og me er godt nøgde med resultatet. Me engasjerte nokre dyktige målarar frå «Steinrosa» som skrapa og måla heile Leveld kyrkje i juli og halve Ål kyrkje i august. Me planlegg å ta resten av Ål kyrkje samt heile Torpo kyrkje i 2027.

## Festeavgift på 240 kroner

Festeavgifta i Ål kommune er justert opp til 240 kroner i året med effekt frå 1. oktober 2026. Avgifta er med på å dekke ein del av kostnadene ved å drifte kyrkjegardane. Gjennomsnittleg festeavgift for små kommunar i Noreg ligg på 250 kroner. Nytt av året er også at festarar kjem til å bli fakturert for 5 år av gongen i staden for 10 år av gongen.

## Gravplassvedtekter

Gravplassvedtektene for Ål kommune er ferdig revidert i september 2026 etter ein open høyringsrunde. Etter Fellesrådet si behandling vart dei sendt til godkjenning hos Statsforvaltaren før dei vart publisert på Lovdata 4. september 2026: Forskrift om gravplassvedtekter, Ål kommune, Buskerud - Lovdata.

## Nye lys i Ål kyrkje

Me planlegg å få nye lys i Ål kyrkje. Den flotte kyrkja vår har nokre utdaterte lyskjelder som ikkje gjer jobben godt nok, og no er me i dialog med Riksantikvaren for å få godkjent nye lys som skal gje betre lys til gudstenester, aktivitetar som skjer, og ikkje minst gje eit visuelt lyft for både orgel, interiør, kyrkjekunst og det unike Ål-taket.

## Bjørketre må ned

Mellom Ål kyrkje og Thon hotell står det nokre store bjørketre som har vakse ut av proporsjonar. Nokre av trea har begynt å rotne, og fleire greiner har falle – til fare for folk og bilar som står og går under. Fellesrådet har derfor vedteke at trea skal fellast komande vintersesong. Det vil plantast nytt i neste vekstsesong.





ÅL RØRSERVICE AS
COMFORT ÅL
Ål Rørservice AS
Torget 9, 3570 Ål
99 32 59 07
aal@comfort.no
Comfort
www.comfort.no

# VI GÅR I KYRKJA

## NOVEMBER

**01.11.2026**
Torpo kyrkje 11:00
Helgemesse
Leveld kyrkje 11:00
Helgemesse
Ål kyrkje 18:00
Helgemesse

**08.11.2026**
Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste for små og store. Lys vaken

**22.11.2026**
Ål kyrkje 18:00
Kveldsmesse

**27.11.2026**
Torpo kyrkje 18:00
Lysmesse med konfirmantane

## DESEMBER

**06.12.2026**
Leveld kyrkje 11:00
Gudsteneste med dåp

**13.12.2026**
Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste med dåp

**17.12.2026**
Ål kyrkje 17:30
Syng jula inn

**24.12.2026**
Kårstugu Ål Helsetun 12:00
Vats fjellkyrkje 13:00
Ål kyrkje 14:30
Leveld kyrkje 14:30
Ål kyrkje 16:00
Torpo kyrkje 16:00
Julaften

**25.12.2026**
Ål kyrkje 12:00
Høgtidsgudsteneste. Folkemusikk

**27.12.2026**
Leveld kyrkje 11:00
Julesalmemesse

## JANUAR

**10.01.2027**
Torpo kyrkje 11:00
Gudsteneste

**17.01.2027**
Håp 11:00
Gudsteneste

**24.01.2027**
Ål kyrkje 11:00
Økumenisk gudsteneste

**31.01.2027**
Leveld kyrkje 11:00
Gudsteneste

## FEBRUAR

**07.02.2027**
Ål kyrkje 16:00
Gudsteneste med små og store.Tårnagentar

**14.02.2027**
Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste

**21.02.2027**
Vats fjellkyrkje 11:00
Gudsteneste
Ål kyrkje 18:00
Kveldsmesse

**28.02.2027**
Torpo kyrkje 11:00
Gudsteneste

## MARS

**14.03.2027**
Ål kyrkje 11:00
Folkemusikkgudsteneste

**18.03.2027**
Ål kyrkje 17:00
Palmetorsdaggudsteneste etter SuperTorsdag

**25.03.2027**
Vats fjellkyrkje 11:00
Sangefjell naturkatedral 13:00
Nystølkyrkja 14:00
Ål kyrkje 18:00
Skjærtorsdaggudsteneste

**26.03.2027**
Torpo kyrkje 11:00
Leveld kyrkje 18:00
Langfredagsgudsteneste

**28.03.2027**
Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste

### ORGELJUBILEUM

I haust fyller Ål-orgelet – det franske barokk-orgelet omtala som «l'orgue folklorique» – 30 år. Det lyt jubilerast med minst ein orgel-konsert, den fyrste blir sundag 8. november kl 18. Organist Vemund tek ein studietur til Versailles i førekant, så konserten gjev òg høve til å markere N. Gigault og L. Couperin sine 400-årsjubileum og L.-N. Clérambault sin 350-årsdag. Meir info kjem på nettsidene og facebook. **Vel møtt!**









## DØYPTE

**Ål kyrkje**
Oda Jorde Braaten 21.06.2026
Tallak Olai Breie Frigstad 06.09.2026
Ella Rosalie Mattisdotter Storhaug-Paalgard 20.09.2026
Signe Kostveit Gjeldokk 20.09.2026

**Sangefjell naturkatedral**
Odin Bergo Halse 09.08.2026

**Ål bygdamuseum**
Emil Rinnaas Berg 21.06.2026
Emilie Tveitehaug-Grønningen 21.06.2026

**Leveld kyrkje**
Sonja Myhrvold-Ødegård 07.06.2026
Knut Hovdegard 05.07.2026

**Vats fjellkyrkje**
Ronja Liodden Piirainen 27.09.2026

## VIGDE

**Ål kyrkje**
Torgeir Asgrimplass Tovstaul & Ida-Kristin Stavdahl Tovstaul 13.06.2026
Elias Magan & Michelle Kaaresen Perryman 22.08.2026
Ingvild Flaen Aagaard & Jon Anders Aagaard 22.08.2026
Sindre Kirkedam Larsen & Kristiane Bekkestad 22.08.2026

**Torpo kyrkje**
Lina Kristine Lindblom & Stein Martin Mangrud 20.06.2026

**Torpo stavkyrkje**
Eirin Toppen & Tron Anders Kristiansen Vanvik 20.06.2026

## DØDE

**Leveld**

| | | |
|---|---|---|
| Torstein Brattegard | f.:1933 | d.:08.08.26 |
| Sigvat Oleivsgard | f.:1942 | d.:24.08.26 |
| Hermund Oskar Dokk | f.:1936 | d.:06.09.26 |
| Kari Midtlund | f.:1944 | d.:24.09.26 |

**Ål**

| | | |
|---|---|---|
| Dagfinn Aasen | f.:1953 | d.:28.05.26 |
| Sonja Elvira Svarteberg | f.:1941 | d.:03.06.26 |
| Ingebjørg Brobakken | f.:1932 | d.:13.06.26 |
| Esther Johnstad Førde | f.:1934 | d.:14.07.26 |
| Kjell Arild Baklien | f.:1958 | d.:03.08.26 |
| Ellen Heia | f.:1931 | d.:04.08.26 |
| Villy Johnsrud | f.:1946 | d.:25.08.26 |
| Rannveig O Helling | f.:1926 | d.:14.09.26 |
| Gudrun Gurigard | f.:1933 | d.:12.10.26 |

**Torpo**

| | | |
|---|---|---|
| Else Grønbye | f.:1937 | d.:12.10.26 |

### Open kyrkje

Ål kyrkje er open i kontortida.







# ME TRENG FRIVILLIGE



*Kvar veke skjer det ymse aktivitetar i og rundt kyrkjene i Ål, og me vil gjerne at enda fleire skal bidra.*



**Velkomen til teneste i kyrkja!**

Send ein e-post til post.aal@kyrkja.no eller stikk innom kyrkjekontoret til ein kaffidrøs

Nokre trivst med å lage kaffi, andre er gjerne klokkar og korsbærar. Nokre trekk opp snittalderen på formiddagstreff, mens andre trekk ned snittalderen på babysong. Nokre kjem og lagar eit varmt måltid til konfirmantane, andre sit i sokneråd, og når me har dugnad så kjem ein fin gjeng rekande med ei rive for å gjere kyrkjegardane fine. Ein vil bidra på aktivitetsdagen BUK, ein annan kan vere ein trygg vaksen med born etter skuletid. Ein trivst med å besøke ein 90-åring som treng ein samtalepartner, ein annan speler gjerne til allsongen på Kårstugu. Ein er speidarleiar, ein annen har si teneste med bøn. Nokre likar å synge, mens andre skremmer naboen med kråke-stemma si. «For liksom kroppen er éin, endå han har mange lemer, er alle lemene éin kropp, endå dei er mange. Slik er det med Kristus òg. For med éin Ande vart vi alle døypte til å vera éin kropp, anten vi er jødar eller grekarar, slavar eller frie, og alle fekk vi éin Ande å drikka.»



## Dette er ikkje ei stavkyrkje

*Men kanskje har du liggande litt stavkyrkje heime hos deg?*

Rundt 1880 vedtok kommunestyret å rive Ål stavkyrkje for å bygge ny kyrkje. Det var behov for pengar, og tømmeret frå stav-kyrkja vart selt som tømmer og ved, seies det. Noko av tømmeret og rester frå kyrkja har blitt brukt til diverse formål rundt i bygda, og me vil gjerne registrere det som finst. Har du noko liggande som kan vere ein rest frå stavkyrkja? Då vil me svært gjerne høyre frå deg. Send ein e-post til post.aal@kyrkja.no gjerne med eit bilete av det du har, slik at me saman med For-tidsminneforeningen kan lage eit register over det som finst rundt i bygda.

